



Internt notat

Vår ref.

2022/1241-1

Sakshandsamar:

Sveinung Seljås, 35 04 84 30

Arkivkode:

L13

Dato:

10.08.2022

| | |
|-------------|---|
| Til: | Halvor Nordbø, AT-skog v/Mona Gundersen |
| Frå: | Sveinung Seljås |

K - 13/3 - Detaljreguleringsplan Fiskebekk - Straumen m.fl. - Referat førehandskonferanse

Tid: 19.05.22, kl. 13.30-14.45 Stad: Kommunehuset, Treungen
Til stades: Frå forslagsstillar/grunneigar Hilde Fjellheim og Halvor Nordbø, frå planfirmaet AT-skog SA planansvarleg Mona Gundersen og frå Kviteseid kommune plansjef Sveinung Seljås.

Områda det er tatt initiativ til å detaljregulere, er sju delområde avsett dels som byggeområde i eksisterande reguleringsplanar, dels som LNFR-område i kommuneplanen. Det var semje om at forslagsstillar måtte kome tilbake med ei nærare avgrensing av nytt planområde, (noko som er gjort i brev av 14.06.22). Referatet avgrensar seg derfor til denne seinare avgrensinga.

Punkt til drøfting:

0. Plannamn og planidentitet

Plannamn: Blir føreslått av forslagsstillar. Planid: 3821-2022002.

1. Planprosess:

Planen blir fremja som reguleringsplan-detaljplan etter §§ 12-1 til 12-7 i plan- og bygningslova. Kommunen vil i eiga politisk sak avgjere om det blir kravd planprogram og konsekvensutgreiing då delar av planområdet ikkje har avklara føreslegen arealbruk i overordna plan (kommuneplanen).

2. Planavgrensing:

Planområdet ligg mellom fylkesvegen og Vråvatn, og mellom gardstunet på g/bnr. 13/3 og Skjerodden, tilsaman ca. 300 dekar, men der utvida byggeområde utgjer under 10 % av dette.

3. Planframstilling:

- Området, kontrollert opp mot *Naturbase* gir ingen direkte treff for artar av nasjonal forvaltingsinteresse. Det er likevel naturleg at det i blir gjennomført ei nøyare registrering av det biologiske mangfaldet som del av planprosessen.
- Søk på NVE's nettstad for temaet *Naturfarar* viser at delar av området ligg i flaumutsett sone.

Det er derimot ikkje planar om utbygging i flaumfaresona. Det blir derfor ikkje sett krav om vidare konsekvensutgreiing av dette temaet.

- Fylkeskommunen som kulturminnemynde kan krevje arkeologisk undersøking av området. Dette vil fyrst bli avklara etter at planarbeidet er varsla oppstarta.
- Planen skal framstillast i SOSI-standard, siste versjon. Kartgrunnlaget, digitalt 1:1 000 blir levert frå kommunen. Forslagsstillar har ansvar for framstillinga heilt fram til sluttprodukt, og skal på ei veker varsel etter at endringsbehovet er blitt kjent, t.d. etter kommunestyrets eigen-godkjenning, kunne levere ajourført kart og føresegner kostnadsfritt til kommunen.)

4. Oppstartsvarsel.

Planoppstart varslast i VTB, ved varslingsbrev og på heimesida til kommunen.(Tilsendte kopi av annonse, kart og brev til fagmyndighetar og rettighetshavarar m.m. rundt planområdet blir av plankontoret lagt på kommunens heimeside.) Forslag til adresseliste over dei som bør varslast ligg på lenka: <https://www.nissedal.kommune.no/reguleringsplan-rett-til-fremje-forslag.491161.22289268.tkt.html#generelt> , og må supplerast med aktuelle naboar. Nabolister blir utlevert frå kommunen.

Innspelsfristen er ikkje oppgitt i pbl §12-8. I §12-9 (planar som også skal ha planprogram) er innspelsfristen sett til minst 6 veker. Det blir lagt til grunn at fristen også her blir sett til minimum 6 veker.

5. Planbehandlingsgebyr.

Kommunen v/plankontoret krev inn planbehandlingsgebyr i samsvar med vedteke gebyr-regulativ, for 2022 kr 40 000. Gebyret blir fakturert når kommunen har mottatt planforslaget til fyrstegongs behandling. Gebyrkravet blir sendt til forslagsstillar, om ikkje anna blir avtala.

Treungen 19.05./10.08.22.

Sveinung Seljås
-plansjef